



Vestnes kommune
Rådhuset
6390 VESTNES

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Vestnes kommune – eigedom 193/1 Reguleringsplan for Reistad småbåthamn Fråsegn til avgrensa høyring – Trekking av motsegn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Reguleringsplan for Reistad småbåthamn er lagt ut til avgrensa høyring. Statsforvaltaren fremma følgande motsegn til planforslag til reguleringsplanen i brev av 21.05.2021:

«Statsforvaltaren meiner planlagt veg og molo vil medføre inngrep lenger aust enn naudsynt, og vil utgjere store inngrep i strandsona. Det vil også krevje meir mudring då hamna vil omfatte grunnare areal. Statsforvaltaren fremmer med dette motsegn til planforslaget jf. plan og bygningslova § 1-8 og rundskriv T-2/16 fordi det ikkje er tatt tilstrekkeleg omsyn til strandoneinteressene».

Revidert plankart er lik plankart vi fekk tilsendt til vurdering i e-post av 21.06.2021. I e-post av 29.06.2021 gav vi tilbakemelding om at endringane vil gje såpass betring for strandoneinteressene at vi kan trekke motsegna.

Vi stadfester at vi kan **trekke motsegna** vi fremma i brev av 21.05.2021.

Vi viser til vår fråsegn av 21.05.2021. Vi vurderer framleis at planforslaget kunne aktivt lagt til rette for allmenn ferdsel på molo eller i strandsona. Vi minner også om at mudring, dumping og utfylling vil krevje løyve frå forureiningslova og at det må søkjast Statsforvaltaren om løyve. Vi gjentar til slutt at det bør gå fram av føresegnene at aktivitetar som spyling og vedlikehald av båtar ikkje er tillate.

Med helsing

Berit Brendskag Lied (e.f.)
ass. statsforvaltar

Sveinung Parr Dimmen
samordnar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Postboks 1010 Nordre Ål, 2605 Lillehammer
NVE vest, Naustdalsvegen 1b, 6800 Førde